



TUBOSCOPE NORGE AS AVD MONGSTAD
Storemyra 189
5954 MONGSTAD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Søndre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

Rapport frå inspeksjon ved Tuboscope Norge AS avd. Mongstad

Kontrollnummer: 2023.230.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Gaute Fosså
Marius Rasch
Roy Johansen

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Henriette Ludvigsen
Søndre Kaastad Sørsdal

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Tuboscope Norge AS avd. Mongstad den 18. april 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland ga to avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har ikkje utarbeida eit måleprogram for utsleppsmålingar
- Verksemda sin handtering av kjemikal er mangelfull

Avvika og oppfølginga er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Med helsing

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Søndre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Rapporten er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver Kommune



Informasjon om verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Tuboscope Norge AS avd. Mongstad	
Organisasjonsnr.: 986 138 633	Eigd av: 959 237 166
Bransjenr. (NACE-kode): 71.200 - Teknisk prøving og analyse	

Kontrollert eining

Namn: Tuboscope Norge AS avd. Mongstad	Anleggsnr.: 4631.0083.07
Kommune: Alver	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Annen aktivitet	
Løyve gitt: 12. mars 2018	Sist endra:

Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utsleppskontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Kjemikal
- Utsleppsløyve

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



Oppfølging etter inspeksjonen

Statsforvaltaren ber Tuboscope Norge AS avd. Mongstad om at de sender inn dokumentasjon på korleis avvika er retta opp, eller eventuelt korleis dei vil verte følgde opp, innan 23. juni 2023.

Vi ber òg om at de sender dokumentasjon på brukt vassmengd (volumstrømsmåling), jf. 9.2 i løyvet.

Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 24. mars 2023. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Tuboscope Norge AS avd. Mongstad betale eit gebyr på kr 22 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) nettstaden Norske Utslipp: www.norskeutslipp.no.

Avvik

Vi gav følgjande Avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda kan ikkje dokumentere at utsleppsmålingane er representative

Merknad frå: Utsleppsløyvet av 12. mars 2018, punkt 9.2.

Kommentar til vilkår:

Verksemda skal gjennomføre målingar av utslepp til vatn på ein måte slik at målingane er representative for verksemda sine faktiske utslepp, jf. punkt 9.2 i løyvet.



Det betyr mellom anna at verksemda må grunngje val av frekvensen for prøvetaking og korleis det sikrar at prøvane er representative for verksemda sine faktiske utslepp.

Avviket er basert på følgjande observasjon:

Verksemda kunne ikkje framvise eit måleprogram ved tilsynet. Prøvetaking utført av personale frå Niras som også drifter oljeutskilleren. Det er dei som har satt frekvens for prøvetaking. Fordi verksemda manglar eit måleprogram så kan dei ikkje dokumentere at dei målingane dei gjer er representative for verksemda sine faktiske utslepp.

Det vart teke to prøver av utslepp til vatn i 2022. Resultat frå prøvene viser eit oljeinnhald som overstig løyvets grense på 20 mg/l. Prøve datert 22. februar 2022 hadde eit oljeinnhald på 30,8 mg/l. Prøve datert 16. august 2022 hadde eit oljeinnhald på 21,7 mg/l. Eigenkontrollrapporten frå 2021 viser at dei to prøvane teke året 2021 viste eit resultat på 31 mg/l og 1,13 mg/l. Høgaste rapporterte verdi på ein prøve viste eit oljeinnhald på 273,6 mg/l (prøve datert 6. mars 2019). Ved synfaring ble det framvist eit resultat på ein prøve frå 24. februar 2023, med oljeinnhald på 11 mg/l.

Rettleiing til utsleppskontroll finner de på nettsida til Miljødirektoratet:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/forventninger-til-industriens-utslippskontroll/>

Avvik 2

Verksemda sin lagring av kjemikaliar er ikkje tilfredsstillande

Merknad frå:

- Produktkontrollova § 3
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7.

Kommentar til regelverket:

Plikt til aktsemd (produktkontrollova § 3)

Ved bruk og lagring av helse- og miljøfarlege kjemikaliar må verksemda treffe rimelege tiltak for å forebygge og avgrense utslepp.

Internkontroll

Internkontroll skal sikre at verksemda har oversikt over det regelverket som gjelder for verksemda og at den har nødvendige rutinar som sikrar at krav stilt i regelverket overheldt.

Avviket er basert på følgjande observasjon:

Lagring av behaldarar med kjemikaliar i vaskehallen kan medføre fare for forureining. Tankane var plassert på ein pall inne i vaskehallen ved sidan av eit oppsamlingskar. Oppsamlingskar var ikkje teken i bruk.

Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensnig av forurensning (forurensningsforskrifta)



- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Miljødirektoratet